

Bruksreglar for Kyrkjestova Fredheim

Introduksjon

Kyrkjestova Fredheim ligg i Hystadvegen 32, litt ovanfor Stord kyrkje. Det er god tilkomst til bygget. Huset har lokale av god standard som er veileigna til ulike samlingar som konferansar, møter, minnesamvær, dåp, konfirmasjon, bryllaup og årsmålsdagar m.m.

Huset har eit godt utstyrt kjøkken. Det er plass til 100 personar i møtesal, og ved oppdekking er det plass til 50-60 stk.

Kyrkjestova Fredheim er eigd av ei foreining tilknytt Stord kyrkje. Foreininga har som føremål å eige og drive forsamlingshuset, og å stilla det til disposisjon for kristent arbeid.

Kven kan leige

For å leiga huset må leigetakar vere over 18 år. Personar som i tidlegare leigeforhold ikkje har overhelt reglane for leige, eller som ynskjer å ha arrangement som bryt med vedtektene, kan nektast å leige. Styret er ansvarleg for å sjå etter at dette punktet vert ivareteke.

Avtale om leige/depositum

Avtale om leige vert organisert gjennom Stord Kyrkjekontor. Leigetakar sender inn skjema på nettsida, www.kyrkjastord.no, for leige av Kyrkjestova Fredheim. Leigetakar må ved innsending bekrefte at ein godtek desse bruksreglane. Tilsette ved kyrkjekontoret tek kontakt med leigetakar for å bekrefte leigeavtalen. Nøklar til lokala kan hentast på kyrkjekontoret.

Leigetakar opplyser kontaktperson, telefonnummer, e-post og postadresse ved tinging av lokala. Kontaktinformasjonen vert sletta når leigeforholdet er avslutta og leiga betalt, med unntak av informasjon som Kyrkjestova Fredheim må lagra i rekneskapen.

Leige skal dersom ikkje anna er avtala betalast etterskotsvis, innan 14 dagar etter leigedato. Kyrkjestova Fredheim sender ut faktura på e-post. Ved for sein betaling vil det kunne tilkoma purregebyr og/eller forseinkingsrenter. Kyrkjestova Fredheim har og høve til å krevje forskotsbetaling og/eller depositum, t.d. i tilfelle der leigetakar tidlegare ikkje har betalt til rett tid

Ved skadeverk, manglande rydding/vasking eller knuste koppar, fat m.m. som leigetakar er ansvarleg for, forpliktar leigetakar seg til å betala erstatning som dekker utbetningskostnader. Dette vil verte fakturert frå Kyrkjestova Fredheim i ettertid, og skal betalast innan 14 dagar frå utstedt faktura.

Ved avtale om leige lang tid i førevegen ved til dømes konfirmasjon, og ved leige i periodar med stor pågang av lokalet, må det innbetalast eit forskot på leige før utleigedatoen reserverast. Dersom leigeavtalen ikkje blir nytta, vert ikkje forskotet tilbakebetalt.

Nøklar

Leigetakar har ansvaret for utkvitterte nøklar. Desse kan ikkje lånast vekk eller overlatast til tredjeperson. Utleverte nøklar skal leverast seinast kl. 14.00 påfølgande dag ved Kyrkjekontoret. Dersom det er oppgitt kode til nøkkelboks skal denne nøkkelen direkte tilbake i nøkkelboksen når døra låsast. Tap av nøklar må erstattast med kr. 1000 per nøkkel.

Branntryggleik

Leigetakar pliktar å setja seg inn i branninstruksjonen som heng på veggen ved ytterdørene i lokalet, og forsikre seg om at sløkkjemidlane er på plass og naudutgangane er opne for passasje.

I tilfelle der leigetakar ønskjer å nytta lokala til overnatting skal dette vere førehandsgodkjent av styret i Kyrkjestova Fredheim, og leigetakar er ansvarleg for naudsynte sikringstiltak og vakthald knytt til dette.

Før lokala vert tekne i bruk

I vinterhalvåret er leigetakar ansvarleg for snørydding ved inngangspartiet og naudutgangar, samt naudsynt sandstrøing på plassen utanfor huset. Sand er tilgjengelig ved parkeringsplassen. Snøskuffer og spade er tilgjengelig nær inngangen til byggjet.

Bruk av lokala

Leigetakar skal behandla bygningen, møblar og inventar ansvarleg, og skal etter beste evne unngå skader eller øydeleggingar. Leigetakar er ansvarleg for at det ikkje vert gjort hærverk på inventar eller utstyr.

Av omsyn til naboar i byggefelt skal det vere ro klokka 23.00. Hald dører og vindauge lukka dersom lydnivået kan vera sjenerande. Leigetakar har hovudansvaret for naudsynt tilsyn/ vakthald i/rundt lokala og at det er ro og orden både inne og ute i leigetida.

Bruk av røykmaskin, stjerneskot, fyrverkeri og liknande er ikkje tillate, korkje inne eller ute.

Det er ikkje tillate å servere eller nyte alkohol i Kyrkjestova Fredheim.

Før ein forlet lokala

Borda skal vaskast og tape, lim og anna fjernes frå bord og golv. Bord og stolar skal setjast tilbake slik det var plassert då ein kom. Toaletta skal reingjerast, og boss fjernast.

Dei romma som har vore brukt skal ryddast. Golva skal kostast og/eller støvsugast. Sentralstøvsuger er tilgjengeleg. Slangen ligg i kottet ved inngangen. Golva må vaskast om naudsynt, td. om det er drege inn snø/slaps, sand, grus eller liknande, eller om det er restar av mat, drikke eller liknande på golvet. Alt avfall skal kjeldesorterast og plasserast i dunkar som er tilgjengeleg på utsida.

Utstyr frå kjøkkenet skal vaskast og setjast på plass. Det same gjeld bruk av utstyr som er henta frå skapa, eller andre stader i bygget. Steikeomn og plater på komfyren må reingjerast (tørkast av) etter bruk. Dette gjeld også steikeomn med panner, brett og rister. Benkeplater, bord og anna utstyr skal vere reine og ryddige.

Eg godtek vilkåra i bruksreglane over:

Leigetakars namn (BLOKKBOKSTAVAR): _____

Leigetakars signatur: _____

Dato / semester for leigetilhøvet: _____